



Kjell Yri og Leif Sverre Enes under valmøtet i Uskedalen måndag kveld (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tidlegare kommunepolitkar for Venstre og kjent skribent Arne Gjerde på Halsnøy vil ha anten Kjell Yri eller Leif Sverre Enes som ordførar. Han skriv i ein artikkel i HusnesNett at Høgrekandidaten er den største sluggaren, men at uskedelingen i det siste har synt at han er meir på offensiven med svært mange gode saker denne gongen.

Han står oppreist i skulesaka sjølv om det kan kosta røyster medan Høgre har valt eit syn i saka som nok gjev ein del ekstra røyster men som berre skubar problemet utover i tid.

Gjerde vil denne gongen røysta på den ordførarkandidaten som som han trur er best i stand til å få fart på Kvinnherad.

Om den sittande ordførar skriv han at Synnøve Solbakken har vore flink til å representera kommunen. Ho er positiv til alt og alle og godt likt. Innsatsen i høve til det å få fart på kommunen har vore lik null, meiner Gjerde.

Om Knut Prestnes skriv Gjerde at han er mannen som står bak den sterke styringa av økonomien i dei siste 8 åra, men at han vil vera ordførar berre i gjerninga og ikkje i namnet og det er ikkje godt nok.

Av Ola Matti Mathisen

